

Månedsbrev frå Nøtteliten –Februar-



Tilbakeblikk på januar

I januar starta me på temaarbeid om sansane. Denne måneden har me hatt fokus på "Synssansen". Barna har mellom anna testa ulike solbriller, undra seg med forstørrelsesglas, prøvd lommelykter og kjent seg sjølv og andre att på bilete. Dei eldste barna har knipsa bilete sjølv . Barna og vaksne har vore engasjerte og inspirerte i temaarbeidet! Ta gjerne ein tur inn på avdelinga når du har tid og sjå på det me har arbeida med !

Rammeplanen (som er vårt arbeidsredskap) seier at når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte slik at det byggjer opp om eit utviklande læringsmiljø (rammeplan:2006:33).

Dei vaksne ser, utfordrar og undrar seg i lag med det einskilde barn. Saman forskar me vidare på det barnet er interessert i og legg til rette eit miljø for aktiv læring.

Kjekt og inspirerande har det vore denne månaden å få besøk frå ei gruppe studenter frå Universitetet som tar fordjupning i forming. Dei har fått omvisning i barnehagen og me har snakka om prosessen vår med temaet : «Syn» .

Kva skjer i februar ?

Me har studentene med oss i barnehagen til 10 februar. Det er kjekt og inspirerende for alle på avdelingen at dei har praksis på vår avdeling!

Tema for februar er «Hørselssansen»



Kva lyttar vi med ? Korleis ?

Me vil lytte til lyder, stillheit, musikk, kan me lage lydar med kroppen/instrument? Dette forskar me vidare i lag med barna.

- Vår alles kjære Vilja skal slutte i barnehagen. Ho arbeidar ut februar og reiser så vidare til Bergen. Til hausten har ho tenkt å byrje på førskulelærerutdanninga. Det er jo bra, me treng fleire av dei, men alle kjem til å sakne det flotte arbeidet ho har gjort i Lyefjell barnehage! Me ønsker ho lykke til! May Ellen (frå Askeladden) kjem til å arbeide 100% på Nøtteliten når Vilja slutter. Ho tek over primærbarna til Vilja.
- For barna på raud gruppe vil MayRita og MayEllen/Vilja starte opp "Steg for steg samlingar denne månaden. Dette er samlingar som tek opp tema om det å vere glad, trist, lei seg osv. Det kjem meir informasjon om dette etterkvart.

Veka på Nøtteliten:

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Sosial kompetanse	Sosial kompetanse	Språkleik Fysisk aktivitet	Matteleik	Kunst og kreativitet
Leikegrupper Primærgrupper Me delar i smågrupper og har aktivitetar	Møtedag og uteleik	Smågrupper Me ser i bøker, leser regler/eventyr Onsdag i oddetalsveker går me og kosar oss i gymsalen	Raud gruppe på tur Gul gruppe legg til rette for antal, rom og form	Gul gruppe går på tur/uteleik Raud gruppe inne Og arbeidar med formingsarbeid

Husk:

- Fredag 17 februar er det karnevalsdag i barnehagen - meir info kjem etterkvart
- Veke 8 er vinterferieveke - fint om de gjer beskjed dersom barnet skal ha noko fri då.
- Fellessamling onsdag 29 februar kl 10.30
- Heimesida vår : www.minbarnehage/lyefjell.no